



## Oppsummering etter synfaring på Søreide den 3.10.2018, gnr/bnr 15/3 i Høyanger.

Sak: 2018/120

Til stades ved synfaringa:

- Eigar av gnr/bnr 15/3 Arve Søreide og Åshild Søreide
- Ordførar Petter Sortland
- Frå Fylkesmannen deltok Christian Rekkedal og Nils Erling Yndesdal

Synfaringa vart gjennomført etter avtale med ordføraren og føremålet var å sjå på moglegheitene for å plassere ei frådelt bustadtomt på eigedomen, jamfør tidlegare avslag i klagevedtak frå Fylkesmannen i Rogaland. Dette vedtaket er endeleg.

Gnr/bnr 15/3 er eit forholdsvis lite gardsbruk med om lag 30 dekar dyrka jord og 20 dekar beite og 400 dekar skog. Det har ikkje vore sjølvstendig drift og husdyrhald på bruket på om lag 10 år, og kårhuset er søkt frådelt. Her bur foreldra til dagens eigar av gnr/bnr 15/3. Eigarane av bruket bur i bustadhuset som framleis skal høyre til gardsbruket. Den omsøkte tomte var tiltenkt sonen Preben.

Tomtearealet er fulldyrka jord og er ein del av tunteigen, i hjørnet mellom kårhuset, nabogrensa og den gamle driftsbygninga. Her er ein liten grønsaksparsell, og resten av denne tomte har vore slått av eigaren med beitepussar dei siste åra. Arealet har same kvalitet som resten av tunteigen nedanfor, men har altså ikkje vore hausta til rundballar dei siste åra.

Vi såg på ei alternativ plassering sørvest for det eksisterande bustadhuset på bruket. Dette er klassifisert som overflatedyrka jord og er på ca 1,5 dekar og har dei siste åra vore slått av eigar med beitepussar. Arealet er delvis bratt, i skuggen og ligg nedsenka i forhold til resten av tunområdet.

Gnr/bnr 15/3 har også ein teig med beitemark ved stranda rett ved nordsida av det eksisterande byggjefeltet i bygda. Denne teigen ligg i følgje ordføraren i eit rasfarleg område og er ikkje eigna til bustadføremaal. Dette vart vurdert ved utviding av byggjefeltet.

Gnr/bnr 15/3 har ikkje fleire teigar, med unntak av skogen oppe i lia. Sjå vedlagt kart.

I tunet på denne eigedomen ligg det i dag to bustadhus, ei gamal driftsbygning og to garasjar. Den gamle driftsbygninga er delvis i dårleg stand og oppfyller ikkje dagens krav til husdyrhald. Det er eit tema om heile eller deler av denne bygninga uansett må rivast og om det kan gje betre plass til eit nytt bustadhus i tunet, med mindre bruk av dyrka jord enn det først var søkt om.

Det nye bustadfeltet i bygda ligg om lag 600 meter frå tunet. Det vart vedteke av kommunen i vår, og feltet skal i følgje ordføraren klargjerast i samarbeid mellom privat grunneigar og kommunen. Det vert sett av midlar til dette i budsjettet for 2019 og kan vere byggjeklart på slutten av neste år. Søkjaren ser ikkje på dette som eit aktuelt alternativ.

Søreide er ei lita grend på sørsida av Sognefjorden med 6-7 gardsbruk av om lag same storleik. Ingen av desse er per i dag i sjølvstendig drift med husdyr. Den dyrka jorda som er i drift vert hausta av gardbrukar(ar) i nabobygda. Det vart peikt på at jordbruksdrifta i grenda er heller svak.

Vi var også ein tur innom Østerbø i sørenden av Østerbøvatnet der ein gardbrukar er i ferd med å planere og dyrke bortimot 30 dekar vha tunnelmassar frå eit kraftverksanlegg. Ordføraren peikte på at kommunen også prøver å legge til rette for nydyrking der det er interesse for det.

Det har elles vore ei positiv utvikling i næringslivet i denne delen av kommunen, knytt til fiskeoppdrett, mekanisk industri og utbygging av kraftverk. Ordføraren peikte i denne samanheng på behovet for bustadbygging.

### **Eventuell vidare saksgang**

Eg oppsummerte med å minne om at den først omsøkte tomta hadde fått avslag i eit vedtak frå Fylkesmannen i Rogaland. Det er no eventuelt opp til søkjarane og kommunen som ansvarleg planstyresmakt å sjå om det er mogeleg å justere søknaden for å finne ei løysing. Her kan dei eventuelt også peike på forhold som dei meiner ikkje har vore godt nok belyst og vurdert i den første saka. Det vart også kommentert at Fylkesmannen i Sogn og Fjordane eventuelt kan kontaktast undervegs.

Chr Rekkedal